28.07- 10.08.25.
Vi ankom Preveza søndag kveld og overnatta der (hadde booka leiligheit). Vi hadde fått beskjed av Mona og Tor Audun om at Lefkaskanalen var stengt, slik at båten låg i Lefkas. Vi tok bussen nedover mandags formiddag, og fann båten på anvist plass - i fin og rein stand, godt oppbunkra med drikke av fleire slag. Vi var innom Port Police i løpet av dagen, og registreringa her var utan problem. Dårleg nettdekning gjorde at vi ikkje hadde epost- kontakt med Roald på fleire dagar, og vart etterkvart påminna om at vi måtte innom Customs Office for å registrere inn skipperbytte. Sidan vi ikkje hadde vore i Lefkas før tok vi nokre dagar her (ein koseleg by når du kom deg vekk frå den travle gågata), minnte mykje om Vest-India/Cuba i indre bydel, både når det gjeld arkitektur og når det gjeld musikk på serveringsstadane, for oss opplevde vi dette positivt som eit avbrekk frå den litt masete greske folkemusikken.som vanlegvis vert spelt rundt omkring. Så tok vi turen til Customs Office på torsdagen, og her møtte vi utfordringar av meir seriøs karakter. Saksbehandlaren der var klar på at papira vi presenterte ikkje heldt mål som dokumentasjon på eigarskap av båten. Vi mangla nødvendig dokumentasjon frå norske myndigheiter (les stempel, signatur m.m.) som dei kunne godta for å utstede papir på at eg var medeigar (og dermed godkjend skipper) på Hera 2. Eg var i telefonkontakt med Roald og forklarte han om saka, og vi vart samde om at det ville vere best å ikkje blande inn Customs office i Preveza - som var godt kjende med båten sine eigarskapsforhold og sakspapira (etter Roald sitt grundige samarbeid med dei). Etter svært mykje om og men fekk eg avtale om å kome igjen dagen etter for å ordne med papira. Eg så gjorde, og fekk då utstedt papir på skipperbyte, men med klar beskjed om at papira våre måtte forbetrast for å kunne godkjennast ved neste høve. Eg la meg paddeflat - og lova bot og betring på sameiget sine vegne. Marte og Roald tok saka vidare, og skaffa nødvendige nye papir frå Brønnøysundregistra med stempel og signatur på kvar side av eigarskapsdokumenta, som han fekk sendt slik at neste skipper (Gjert) forhåpentlegvis kunne sleppe same styret som vi gjorde (blir spennande å lese om Gjert sine erfaringar med kontoret i neste bidrag).

På fredag (etter å ha henta dei nødvendige papira på Customs Office) drog vi så frå Lefkas med kurs sørover, Vi ankra opp i Varko Bay, og etter å ha dregga under ein relativt kraftig ettermiddagsvind, og flytta oss lenger øst i bukta, vart vi liggande her nokre dagar på svai, og nytte livet i fulle drag. Litt arbeid var det her og - finmåling av mal til vinterpresenning i dialog med Roald til dømes. Ellers viste det seg at kjøleboksen streika etter nokre dagar. Når eg sjekka koplinga til av/på-knappen (i skapet under pentry-vasken), oppdaga eg at sikringa var gått, og at koplinga rundt denne var brent sundt. Heldigvis fann eg ny sikringsboks i utstyrslageret til båten, så eg klipte vekk det gamle opplegget og monterte inn nytt, som verka utan vanskar for resten av vår periode i alle fall.

Mandagen gjekk vi til Paleiros, og fann plass i hamna der. Paleiros er ein liten, roleg og koseleg landsby der vi og fann roen etter kvart (ein liten kjedeleg affere ved tillegging medførte ein mindre skade på nabobåt med derpå tilhøyrande forsikringssak). Så vi vart liggande her og nokre dagar. Etter eit par -tre dagar her var planen å gå tilbake til Varko Bay og legge oss der framtil helga- og til retur Lefkas. Imidlertid varsla vermeldinga om temmeleg kraftig vind dei fylgjande dagane, så vi valgte å gå tilbake til Lefkas si relativt trygge havn. Så under delvis lyn, torden og regn gjekk vi tilbake til Lefkas, og fann ein god plass (der ankeret hadde godt feste), og låg trygt her resten av perioden vår. Medan vi var her prøvde vi å finne ut av kva som skjedde med Lefkas- kanalen (rykta sa at den ville verte stengt i lang tid, langt utover heile hausten). Vi snakka med folk i Marinaen, men ingen visste noko - ei av vaktene der sa at han hadde høyrt snakk om at den kanskje ville bli opna igjen seint i september, men han sa at dette berre var rykter. Hos Port Police ville dei ikkje

kommentere i det heile tatt kva som ville skje med brua over kanalen, og dei kommunale tenestemennene som tok betaling langs kaia visste heller ingenting. Så vi vart ikkje noko klokare på dette etter å ha snakka med tre ulike instansar

Vår periode i båten vart litt meir prega av Lefkas enn vi hadde planlagt, men alt i alt synes vi likevel at vi hadde eit fint opphald - ganske varmt, men ikkje ekstremt varmt, stort sett mellom 28 og 37 grader C gjorde det heile ganske leveleg når vi hadde vatnet ein meter unna. Båten fungerte fint for oss, og vi fekk ordna med dei tekniske tinga (som el-systemet til kjøleboksen). Vi sakna ikkje auto-piloten noko særleg heller, og jolla fekk ligge i ro på fordekket, den fungerte fint som sofa/liggemadrass, faktisk.

Helsing
Knut og Ingunn